

Kjære vener!

Eg vil også få ynskje velkomen til denne feiringa!

I dag feirar vi Jon Fosse og litteraturen hans. Og med forfattaren og hans mange storverk feirar vi også mykje meir:

I sitt fabelaktige nobelføredrag gjorde Jon Fosse det sjølv tydeleg at ein kunstnar som han, ikkje eksisterer i eit vakuum.

Han byrja med å skildre seg sjølv som barn – ein ungdomsskuleelev – med stor frykt for å lese høgt framfor klassa.

«Det var på ein måte som om redsla tok språket frå meg, og at eg så å seia måtte ta det tilbake. Og skulle eg klara det, kunne eg ikkje gjera det på andre sine vilkår, men på mine egne.

Eg byrjar skriva egne tekstar; små dikt, små forteljingar.

Og eg opplevde at å gjera det gav meg tryggleik, gav meg det motsette av redsle.

Eg fann liksom ein stad der inne i meg som var berre min, og frå den staden kunne eg skriva det som var berre mitt.»

Denne sterke opptakta til føredraget hans gjorde det klart for meg kor viktig det er for ein ung kunstnar å ha dei rette verktøya på plass. For Jon Fosse sin del var dette verktøyet skriftspråket. Og dette skriftspråket – nynorsken – feirar vi sjølv sagt også i dag. Nærast alle skriftspråk har store forfattarar, men det er berre vi og vårt skriftspråk som har Jon Fosse, og eg er sikker på at han aldri ville blitt den forfattaren han er om han ikkje hadde nett dette språket tilgjengeleg. Fosse retta også merksemda mot språket sitt den dagen det blei offentleggjort at han skulle få denne prisen.

I tida etter og i Fosse-feberen som framleis står på, har også mykje merksemd, både heime og utanfor landegrensene våre, blitt retta mot språket vårt. Det er fantastisk stas å kjenne seg sett og verdsett og eg vonar de alle saman kjenner på at litt av denne prisen også høyrer til alle oss som brukar og kultiverer dette skriftspråket kvar dag.

Eg vonar kvar og ein av dykk i desse dagar får styrka sjølvtilitt og blir enda stoltare nynorskbrukarar i tida som kjem. For skriftspråket vårt treng dykk alle saman. Så i dag vil eg ikkje berre takke og gratulere Nobelkomiteen, Jon Fosse eller Ivar Aasen. Eg vil takke og gratulere Det Norske Samlaget, alle oss i Nynorsk kultursentrum, Noregs Ungdomslag, Noregs Mållag og alle andre institusjonar og organisasjonar som kjempar og ivrar for språket vårt. Og med det vil eg *ikkje minst* takke alle medlemmer og frivillige knytte til lokallag i desse organisasjonane i heile landet.

Eg vil takke og gratulere alle norsklærarar, lektorar og professorar som motiverer og inspirerer nye stemmer og nye potensielle forfattarar der ute, og eg vil takke oppdragsgivarar og kuratorar som lokkar og lurer kunstnarar og skrivande til å prøve ut nye former og samarbeid – slik som mellom anna Tom Remlov gjorde då Jon Fosse debuterte som dramatkar med *Nokon kjem til å kome*.

Utan alle desse – utan alle dykk – vil ikkje store kunstnarar som Jon Fosse kunne eksistere. Utan alle desse vil ikkje språket vårt hatt pusterom eller eit jordsmonn til nye spirer og vekstar som skal bli nye storverk og som skal få prisar i tiåra og hundreåra som kjem.

Difor vil eg gratulere dykk alle med dagen og vonar at de kjenner på det same som meg: At no boblar det litt ekstra og at lysta til å lese meir, lytte meir og skrive meir, aldri har vore sterkare. Og at de, som meg, har trua på at denne prisen og alle desse feiringane vil gi næring til nye kunstnarar, forfattarar og nye møte som gir endå meir liv til språket vårt i mange, mange år framover.

Takk til Nobelkomiteen for merksemda til Jon Fosse og til alle oss som elsker nynorsken og litteraturen, takk til Jon Fosse og takk, Ivar Aasen.

Gratulerer med dagen! Takk for meg.